

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
091/16	Kommunestyret	PS	15.09.2016

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Olav Mongstad	FA - U62	16/201

Ruspolitisk handlingsplan med retningslinjer 2016-2020

Vedlegg

Plan Austrheim utgåve før referansegruppa

Framlegg til vedtak:

Dei tidlegare retningslinjer for brot på alkohollova vert oppheva.

1. Del II «Retningslinjer for behandling av alkoholsaker,» vert vedtatt slik dei ligg føre
2. Ruspolitisk handlingsplan vert lagt ut på høyring slik han ligg føre.

Kommunestyret - 091/16 - 15.09.2016

KS - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Dei tidlegare retningslinjer for brot på alkohollova vert oppheva.

1. Del II «Retningslinjer for behandling av alkoholsaker,» vert vedtatt slik dei ligg føre
2. Ruspolitisk handlingsplan vert lagt ut på høyring slik han ligg føre.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Med denne revisjonen vert femte versjon av «Ruspolitisk handlingsplan», for Austrheim lagt fram til vedtak. Denne planen har vore utarbeidd i tida mellom 1. juni og 30. august i år. Det er ei administrativ arbeidsgruppe som har utarbeidd planen. Det er oppnemnd er referansegruppe som 12. september skal kome med innspel til planutkastet og retningslinjene.

Endringane i alkohollova som vart gjort gjeldande frå 1. januar 2016, endra på bestemmelsane om perioden eit skjenkeløyve eller salsløyve kan gjelde for.

Etter nye bestemmelsane, kan kommunestyret gjera vedtak om at eksisterande løyve vert vidareført for inntil fire år. Ei slik vidareføring kan då vare til 30. september året etter nytt kommunestyret er vald. Kommunestyret kan og gjera vedtak om at det skal søkjast på nytt etter tidlegare modell. I Austrheim er det lagt opp til fornying for fire år utan omfattande søknader. Det vart gjort i K-sak 30/16. Kommunestyret knytte opp revisjon av alkoholpolitiske retningslinjer som ein føresetnad for vedtaket.

Det er ein del andre endringar i alkohollova og:

Det er ikkje lenger forbod om å selje drikk med høgst 4,7% (Øl) på valdagen. Departementet grunnjev endringa mellom anna med at skjenkeforbodet på brennevin alt er oppheva. Tidlegare forbod var meir for å understreka det høgtidssame med valdagen. Det er og peika på den aukande førehandsstemminga. I planutkastet er det ikkje lagt opp til å begrense salet på valdagen.

Vurdering

I planen er det lagt inn nyskrivne retningslinjer med reaksjonsformer ved brot på desse retningslinjene. Tidlegare hadde Austrheim eit sett med «Retningsliner ved brot på alkohollova.» Desse vert med dette oppheva og dei nye vert gjort gjeldande.

I desse nye retningslinjene er det tatt inn teksten over prikkbelastninga ved brot på alkohollova. Det er for å tydeleggjera overfor løyvehavarane kva som kan verte reaksjon ved brot på lova.

Når kommunestyret skal handsama alkoholpolitikken, kan dei leggje inn begrensingar i forhold til normalreglementet i lova. Slike begrensingar kan vere t.d.

- Tidspunkt for start på sal i butikk
- Tidspunkt for slutt av sal i butikk
- Spørsmål om sal på valdagen
- Skjenketid for skjenkestader på kvardagar og i helg.

I arbeidet med retningslinjene har ein sett skjenketider og salstider slik dei har vore dei siste åra. Rådmannen har ikkje fått negative tilbakemeldingar på desse tidene. Rådmannen ser derfor ikkje grunnlag for å innskrenka tidene.

Konklusjon

Dei tidlegare retningsliner for brot på alkohollova vert oppheva.

1. Del II «Retningslinjer for behandling av alkoholsaker,» vert vedtatt slik dei ligg føre
2. Ruspolitisk handlingsplan vert lagt ut på høyring slik han ligg føre.